

# ÅRSMELDING

## EIDESJØEN GRENDALAG 2017

**STYRET:** Leiar: Andre Vorland Skoge **DATO:** 20.02.2018  
Nestleiar: Mette Berggreen  
Sekretær: Tommy Gjertsen **MEDLEMMER i 2017:**  
Kasserer: Anne Lise Eidesund 69 medlemmer/ husstander  
Styremedlem: Harald Agasøster  
**VARA:** Gunnar Eide **STYREMØTER i 2017:**  
Frode Nesse 8 stk  
Heike Christina Beerbaum

**REVISOR:** Grethe Fredheim, Camilla Aasen

**VALNEMND:** Kristi Eide, Halvard Vorland, Marit Bø

### SAKER / VERKSEMDSPLAN FOR 2017

#### I prioritert rekkefølge:

1. Grendahuset Framheim
2. Sosiale arrangementer (St. Hans-feiring, konsert v/lavvoen, nissefest)
3. Videreutvikle området Lavvo i Eidesjøen
4. Badevika i Sjøvika
5. Utbedring av badestrand - Vorlandsvatnet
6. Arbeide for å få fleire medlemmer.

#### I uprioritert rekkefølge:

- \* Ny skole i Pollen krins
- \* Arbeid med ny veitrase Austefjorden-Kolltveit
- \* Måleresultat av utslipp i fjorden
- \* Eventuelle andre saker som kjem opp
- \* Håndtering av avløp til sjø og kørilen

## 1. Grendahuset Framheim

Det har i 2017 vore stor aktivitet i grendahuset med både dugnadsarbeid og arrangementer. Eg vil som styreleiar rosa dei som er med i husgruppa og dreg lasset for å få huset i bedre stand og finna dei rette arrangementene som vekker interesse og oppslutning i krinsen.

Utleige er i fortsatt auke og pågangen er stor. I 2017 har huset vore utleigd 42 gonger til store og små arrangementer. Dette er ei stor auke frå 26 uleiger i 2016. Leigeinntektene er viktige inntekter som hjelper oss å dekke inn dei faste utgiftene på huset.

Det er vorten halden mange dugnader i 2017 i tillegg til alt arbeid ifm dei ulike arrangementa som har vore. Gjengen i huset har jobba jevnt og trutt med små og store utbedringer i huset.

I mars vart det arrangert Quiz og i april Påskedisko for små trinnet ved Skogsvåg skule.

I oktober var det arrangert både disko for 5-7 kl. for Skogsvåg, Telavåg og Glesvær skule, Basar og Hallovenn.

Til vår store glede vart det igjen fult hus på årets basar, og inntektene gjekk til innkjøp at fleire bord og etterisolering av taket i salen.

Hallovenn var eit ope arrangement, arrangert av ein privatperson, og vart ein stor suksess som me ynskjer å ta med vidare i 2018.

Juleverkstad vart arrangert i November og oppsluttingen var stor i år som i fjor.

Gjengen i huset har jobba gjevnt og trutt med små og store utbetringar i huset.

Huset fekk kr. 20.000,- i midlar frå Sparebanken Vest til reperatur/utbetring av tak. (Dette er midler som blir satt til side til vi har nok oppsparte midler til denne store jobben.)

Kulturmidlar frå Sund Kommune kr. 5000,- til juleverkstad.

Ressurskoblingsmidlar kr. 15000,- til møterom i 2. etg.

## 2. Sosiale arrangementer

Det har vore arrangert ein del arrangementer i 2017 der hovedtyngda av dei har vore i grendahuset. Både Quiz, Basar og juleverkstad var svært populært.

St.Hans feiring vart i 2017 arrangert på Lavvoen grunna vegprosjektet ved Eidesjøen. Været var dårlig og oppmøtet bar litt preg av det. Men dei som var der kosa seg med bålbreining, grilling, familiequiz og leiker for barna med premiering.

3. september var det konsert ved Lavvoen i Eide med artister som Aristocats, Serendipity, Wayne Withfield, Ingvild Spilde og The Band. Hovedsakelig artister som høyrer heime i kommunen. Ein flott konsert i strålende seinsommarvær. Oppmøtet var bra.

## 3. Videreutvikle området Lavvo ved Pollen skule

Lavvoen har også i 2017 vorte svært mykje brukt. Det er mange som nyttar plassen. Ny "zip-line" er svært populær. På hausten vart redskapsbod påbegynt. Denne vart tett før vinteren og arbeidet vil fortsetta i 2018.

## 4. Badevika i Sjøvika

Her har vi framleis et mål om å få utbedra stien ned til badevika. Men dette står framleis på hold delvis pga utbygginga i området som vil endre litt på tilkomsten.

## **5. Utbedring av badestrand - Vorlandsvatnet**

Her har det ikkje vore gjort noko i 2017. Vi har framleis midler tilgjengelige som vi ønsker å få brukt til gode formål i 2018

## **6. Arbeide for å få fleire medlemmer**

Dei arrangementa vi har hatt i 2017 har det stort sett vore god oppslutning rundt, men vi har hatt ein liten nedgang i antall medlemmer frå 2016. Strategi er framleis å satse på dei mest populære arrangementa.

## **STYRETS ARBEID**

I heile perioden har styret arbeida godt og alle styremedlemmane har på kvar sitt område bidratt til at grendalaget har hatt eit godt arbeidsår med ein god innsats. Ei ekstra takk for dei som har bidratt til arbeidet i Grendahuset og arrangementa der som krev mykje tid og arbeid.